



Ole Kristian Kjenes
Seimsstranda 421
5912 SEIM

Referanser:
Dykkar:
Vår: 18/430 - 18/18936

Saksbehandlar:
Anne Lise Molvik
anne.lise.molvik@lindas.kommune.no

Dato:
12.06.2018

Avvist søknad om løyve til tiltak - gbnr 176/1 Spurkeland

Tiltak

Det vert vist til søknad motteken 12.02.2018.

Saka gjeld søknad om oppføring av vikingskip i gravhaug, diverse mindre grindverksbygg, lager, fjøs, servicebygg og reiskapshus knytt til planlagt etablering av vikingslandsby på gbnr 176/1.

Vi viser elles til gjennomgang av søknaden i møte 13.03.2018 og skriftleg oppsummering datert 23.03.2018. Vi kan ikkje sjå å ha mottatt tilbakemelding slik etterspurd innan fristen og saka vert difor tatt til handsaming.

Planstatus

Eigedomen er omfatta av kommuneplanen sin arealdel. Dei omsøkte tiltaka er plassert delvis i område avsett til LNF-føremål og delvis innanfor område som er avsett til spreidd næring, SN2 og SN3.

Det er i føresegnene til kommuneplanen sett krav om utarbeiding av detaljert utomhusplan før utbygging av tiltak i områda for spreidd næring kan godkjennast, jf punkt 5.24.

VURDERING

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig, jf. byggesaksforskrifta (SAK) § 5-4. Dette gjeld mellom anna følgjande tilhøve:

- Søknaden er for omfattande til å stetta krava til søknad om tiltak som tiltakshavar sjølv kan stå for, jf pbl § 20-4. Tiltaka krev bruk av ansvarlege føretak.
- Det ligg ikkje føre detaljert utomhusplan i samsvar med punkt 5.24 i føresegene til kommuneplanen
- Teikningsdokumentasjonen har ikkje tilstrekkeleg kvalitet. Situasjonsskart og teikningar skal vera målsett og i målestokk.
- Tiltaket er ikkje tilstrekkeleg nabovarsla

I tillegg vil nokre av tiltaka søknaden omfattar krevja dispensasjon frå byggjegrensa langs fylkesveg 401, avkjøringsløyve frå fylkesveg 401, utsleppsløyve, godkjenning frå Arbeidstilsynet mm. Kommunen kan slik søknaden no ligg føre ikkje senda søknaden over til handsaming/uttale til andre styresmakter.



Kommunen vurderer at søknaden ikkje er tilstrekkeleg opplyst til at vi kan ta han til handsaming, jf. plan- og bygningslova § 21-2 og sakshandsamingsforskrifta, SAK 10, § 5-4.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søker om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av ny søknad.

VEDTAK

Med heimel i plan- og bygningslova § 21-2 jf. byggesaksforskrifta § 5-4 vert søknad om etablering av tiltak knytt til vikingslandsby på gbnr 176/1 avvist. Når søknaden er avvist vert byggesaka avslutta.

Dersom du søker på nytt må du leggja ved fullstendig søknad i tråd med regelverket sine krav til dokumentasjon.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement. .

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Anne Lise Molvik
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Ole Kristian Kjenes

Seimsstranda 421 5912

SEIM